

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i Kontrollutval - Stryn kommune

| | |
|---------------------|---|
| Utval: | Kontrollutval - Stryn kommune |
| Møtedato: | 03.10.2013 |
| Møtetid: | 10.00 |
| Stad: | Møterommet – 3108 |
| Møtenr.: | 3/2013 |
| Innkalling: | Faste medlemmer i utvalet, Rådmann i (sak 18-19/13). Revisor i (sak 18-19/13). |
| Melding til: | Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed). |

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

- 016/13 Godkjenning innkalling og sakliste.
- 017/13: Skriv og meldingar.
- 018/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune».
- 019/13: Orientering frå rådmannen om rekneskapen i Stryn kommune.
- 020/13: Budsjett for drift av kontrollutvalet 2014.
- 021/13: Oppfølgingsliste 3-2013 – Stryn.
- 022/13: Eventuelt.

Stryn 26.09.2013

Rune Myklebust (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|--|---------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 41 | post@sekom.no | 951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

016/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.09.2013

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 03.10.2013 | 016/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

017/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.09.2013.

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 03.10.2013 | 017/13 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

- SM 10-13: E-post frå kontrollutvalet til Stryn kommune – «Budsjett prosessen Stryn kommune», datert 18. juni 2013.
- SM 11.13: Kommunestyrevedtak 054/13 «Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2012», datert 27.06.2013.
- SM 12.13: Rundskriv frå kommunal og regionaldepartementet – «Rundskriv om iverksetjing av endringer i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv.», datert 21.06.2013.
- SM 13-13: Brev frå Stryn kommune til kontrollutvalet v/Rune Myklebust – «Rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen. Orientering, datert 13.06.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 18. juni 2013 10:46
Til: 'Stryn kommune (postmottak@stryn.kommune.no)'
Kopi: 'per.kristian.storevik@stryn.kommune.no'; 'Flo Sven (sven.flo@stryn.kommune.no)'; 'Rune Myklebust (runeegil@online.no)'
Emne: Budsjett prosessen Stryn kommune
Vedlegg: budsjettprosess.pdf; 013.13 - Orientering frå kontrollutvalsleiar om budsjettprosessen.pdf

I kontrollutvalsmøte 17.06.2013 sak 013/13 «Kontrollutvalsleiar orienterer – Prosessen rundt budsjet 2012» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet sender skrivet "Budsjettprosess/budsjettmøte Stryn kommune" med oppmodingar om endringar i rutinar i samband med budsjettprosessen over til rådmannen.
- Skrivet vert også å sende til kommunestyret til orientering.

Saka med skrivet «Budsjettprosessen/budsjettmøte Stryn kommune» ligg ved.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

| SAK | ORGAN | MØTEDATO |
|-----------|---------------|------------|
| FO 086/13 | Formannskapet | 20.06.2013 |
| KS 054/13 | Kommunestyret | 27.06.2013 |

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Randi Rørvik

Ref: 13/338 -6

Ark. 00 &14

Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2012

Presentasjon:

Saka gjeld godkjenning av kommunen sin rekneskap og årsmelding for 2012. Rekneskapet er viser eit overskot på kr 16.655.452.

Etter gjeldande regelverk skal kontrollutvalet handsame rekneskap og årsmelding og gje uttale til kommunestyret med kopi til formannskapet som skal fremje tilråding til kommunestyret.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Kommunelova med føresegner

Uprenta vedlegg:

- Etatsvise og avdelingsvise årsrapportar.

Vedlagt saka:

- Rekneskap for 2012 inkl. notar og revisjonsmelding.
- Årsmelding 2012 inkl. vedlegg.
- Fråsegn frå kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter Kommunelova skal kommunestyret handsame kommunerekneskap og årsmelding innan 01.07. året etter rekneskapsåret.

Overskots-/underskotshandtering skal framgå av vedtaket.

For 2012 viste kommunerekneskapen overskot. Store deler av dette refererte seg til premieavvik – noko som det er umogleg å førutsjå med stor presisjon. Når premieavvika blir for store (differansen mellom innbetalt og rekneskapsført pensjon), kan det føre til likviditetsmessige utfordringar – noko som kan løysast gjennom eit bufferfond. Utviklinga over tid vil vise om storleiken på eit slik fond er rett eller om den kan justerast.

Kommunestyret godkjende i møtet den 23.05.2013 sak om innsparingsprosjektet «Prosjekt 2013». Kommunen er no i oppstartfasen m.o.t. implementeringa av vedtaket – noko som m.a.

vil få personalmessige konsekvensar. Dersom implementeringsperioden blir gjeven tid, kan dei personalmessige følgjene minimaliserast. Det er difor avgjerande av det blir avsett midlar for å gjere omstillingane best mogleg for alle partar. Behovet for omstillingsmidlar vil vere umogleg å førutseie, men overskytande midlar kan tilførast det generelle ubundne disposisjonsfondet.

Vurdering:

Rådmannen viser til vedlagde rekneskap, notar til rekneskapet, revisjonsmelding og årsmelding. Disse gjev samla eit godt oversyn over den økonomiske situasjonen til kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rekneskap og årsmelding for 2012 vert godkjent.
2. Det rekneskapsmessige overskotet for 2012, kr 16.655.452,-, vert disponert slik:
 - a. Kr 2.000.000,- vert avsett til eit eige ubunde disposisjonsfond/omstillingsfond.
 - b. Kr 4.000.000,- blir avsett til ubunde disposisjonsfond.
 - c. Kr 10.655.452,- blir avsett til premieavviksfond.

Handsaming i Formannskapet 20.06.2013.

FO-086/13 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Handsaming i Kommunestyret 27.06.2013.

KS-054/13 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Revisjonen
Etatsjefane
Økonomisjefen
Revisjonen
SEKOM

SM 12-13

MOTTATT
21 JUNI 2013



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Rundskriv

Førde kommune
Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Nr.
H-2/13

Vår ref
2013001685 - 1

Dato
21.06.2013

Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. - egenkontroll mv.

1. Innledning

Stortinget vedtok 17. desember 2012 endringer i kommuneloven, lov om interkommunale selskaper (IKS-loven), inndelingsloven og hvitvaskingsloven. Vedtaket ble sanksjonert av Kongen i statsråd 8. februar 2013. Lovendringene bygger på forslag fra departementet i Prop. 119 L (2011–2012) Endringer i kommunelova m.m (egenkontroll mv.).

Endringene i kommuneloven trer i kraft 1. juli 2013. Unntatt fra dette er endringen i kommuneloven § 50 nr. 1 andre punktum, som trer i kraft 1. januar 2014, og endringen i § 77 nr. 2 som trer i kraft 1. november 2015. Endringene i IKS-loven trer i kraft 1. januar 2014. Endringene i inndelingsloven og hvitvaskingsloven trer i kraft 1. juli 2013.

Departementet har også vedtatt enkelte endringer i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Disse trådte i kraft 1. januar 2013.

Departementet gir i dette rundskrivet en oversikt over lovendringene og knytter noen korte kommentarer til disse. Vi viser til Prop. 119 L (2011–2012) og Innst. 128 L (2012–2013) for ytterligere omtale av lovendringene.

Når ikke annet er sagt, blir begrepet kommune brukt som en felles betegnelse på både kommuner og fylkeskommuner.

2. Endringer i kommuneloven – egenkontroll

2.1 Kontrollutvalget – tidspunkt for valg

Kommuneloven § 17 nr. 2 er endret slik at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet i kommunestyret, etter valg av formannskap og ordfører. Formålet med endringen er å sikre at kontrollutvalget blir korrekt sammensatt, ved at minst ett medlem av kontrollutvalget blir valgt inn i kommunestyret. På bakgrunn av dette blir også § 17 nr. 3 endret for å slå fast at kontrollutvalget trer i funksjon fra det konstituerende møtet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.2 Kontrollutvalget – åpne møter

Kommuneloven § 77 nr. 8 om at møtene i kontrollutvalget holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalget. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at møtene i kontrollutvalget skal være åpne. En forholdsvis utførlig omtale av reglene i § 31 er gitt i kapittel 8 i departementets rundskriv H-4/11 av 24. august 2011. Vi viser også til Prop. 152 L (2009–2010) (møteoffentlighet).

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.3 Kontrollutvalget – valgbarhet

Det er foretatt en utvidelse av kretsen over hvilke grupper som ikke er valgbare til kontrollutvalget. Kommuneloven § 77 nr. 2 er vedtatt endret slik at også varamedlemmer til kommunestyrekomiteer skal være utelukket fra valg til kontrollutvalget.

Denne endringen trer ikke i kraft før **1. november 2015**, men omtales her for oversiktens skyld.

2.4 Kontrollutvalget og revisor – rett til innsyn i selskaper

Overskriften i § 80 er endret til *Innsyn og undersøkelser i selskap*. Dette for å bringe overskriften i samsvar med innholdet i bestemmelsen. Videre er det vedtatt endringer i bestemmelsen delvis med sikte på å klargjøre hvilke type selskaper det er innsynsrett i, delvis med sikte på å utvide kretsen av selskaper det er innsynsrett i.

I § 80 er interkommunale samarbeid etter § 27 tatt inn. Det betyr at det vil bli innsynsrett også i de § 27-samarbeider som er egne rettssubjekter. Aksjeselskaper der kommune(r) eller interkommunale selskaper (IKS) direkte eller indirekte eier alle aksjer, er også tatt inn i lovteksten som innsynsobjekt. Et eksempel kan være aksjeselskap som er eiet av et interkommunalt selskap (IKS), enten alene eller sammen

med en eller flere kommuner. Også datterdatterselskaper vil kunne være eksempel på dette.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.5 Rapporteringsplikt i årsberetningen

I kommuneloven § 48 nr. 5 innføres det et krav om rapportering om internkontrollen i årsberetningen til kommunen. Dette er ment som et virkemiddel til å sette arbeidet med internkontrollen på dagsordenen lokalt. Kravet innebærer at det skal gjøres rede for både iverksatte tiltak og planlagte tiltak for å sikre betryggende kontroll.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

3. Endringer i hvitvaskingsloven – egenkontroll

Rapporteringsplikt for regnskapsrevisor

Den som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller kommunalt foretak får rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Denne plikten etableres ved at disse tas inn i oppramsingen over rapporteringspliktige etter hvitvaskingsloven § 4 andre ledd nr. 1. Plikten innebærer å undersøke og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at en transaksjon er knyttet til hvitvasking eller terrorfinansiering.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4. Endringer i kommuneloven – kommunale foretak

4.1 Åpne styremøter

Kommuneloven § 68 nr. 5 om at styrets møter holdes for lukkede dører dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet i vedtektene, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for styremøtene. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at styremøtene skal være åpne. Lovendringen skjer på bakgrunn av at det ikke synes å være behov for en så vid adgang til å lukke møtene. Det er også departementets vurdering at åpenhet i kommuner, som foretakene er en del av, er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4.2 Daglig leders internkontrollansvar

Det er foretatt en presisering i kommuneloven § 71 nr. 2, som regulerer daglig leders internkontrollansvar. Det bør ikke være noen tvil om at daglig leder har et helhetlig internkontrollansvar. Ordlyden er derfor endret for at bestemmelsen skal speile det reelle innholdet i internkontrollansvaret. Bestemmelsen får derfor en utforming etter mønster av kommuneloven § 23 nr. 2, som regulerer administrasjonssjefens internkontrollansvar.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

5. Endringer i kommuneloven – økonomi

Avdrag på likviditetslån og trekkrettigheter

Kommuneloven § 50 nr. 7 bokstav b regulerer oppgjør av likviditetslån og trekkrettigheter. Bestemmelsen blir nå opphevet, fordi den anses som overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagt i dag, og at dette bør stå uregulert.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

6. Endringer i inndelingsloven

Sammensetningen av fellesnemnda

Det er foretatt endringer inndelingsloven § 26 første ledd. Etter lovendringen er det ikke lengre et krav om at fellesnemnda *skal* speile av innbyggertallet i de enkelte kommunene, loven sier nå at den *bør* speile av innbyggertallet. I tillegg er minimumstallet på antall medlemmer fra hver kommune redusert fra fem til tre.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Erland Aamodt
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og sendes uten signatur



Til kontrollutvalet ved Rune Myklebust

6788 OLDEN

Vår ref.
12/39-30/K1-033//TOM

Dykkar ref.

Dato:
13.06.2013

Rutinar kring refusjonskrav til Nav frå kommunen. Orientering.

Viser til møte i Kontrollutvalet den 23.11.2012 der tema var refusjon av sjukepengar / fødsels-pengar frå Nav.

Det vart på møtet avtalt at rådmannen skulle intensivere arbeidet med refusjon av sjukepengar og fødselspengar og gi ei tilbakemelding / status til Kontrollutvalet i slutten av 1.kvartal 2013.

Innleiing.

I januar 2013 hadde alle Nordfjordkommunane møte med Nav Forvaltning i Førde der vi gjekk gjennom regelverk knytta til refusjon av sjukepengar og fødselspengar. Denne gjennom-gangen førte til at vi har forbetra våre interne rutinar ved refusjon for å sikre at vi får riktig refusjon frå Nav etter folketrygda sine reglar. Vi legg no vekt på at innsendt dokumentasjon er i samsvar med krav frå Nav og vi har innført nye purrerutinar, jf. vedlegg punkt 8. Det er også utarbeidd eit nytt skjema for uttak av fedrepermisjon, jf. vedlegg.

Tilbakemelding om status.

1. Personalavdelinga og økonomiavdelinga har saman med sektorane i kommunen utarbeidd nye rutinar for refusjon av sjukepengar / fødselspengar ds. 22.11.2012. Det er i nye rutinar lagt spesielt vekt på oppfølging av Nav / purring av innsendte krav. Desse rutinane er gjort kjent for alle leiarar i kommunen.
2. Alle krav om sjukepengar og fødselspengar før 2012 er no gjennomgått med Nav og avslutta.
3. Vi har pt utestående kr. 774 000 som gjeld 2012 av eit totalkrav på ca. 14,2 mill. Det vil seie 5,4%. Avd.leiar rekneskap jobber no med purring av desse krava mot Nav og vi reknar med at vi i løpet av 3.kvartal 2013 kan slutføre denne jobben. Dette er ein vesentleg forbetring i høve til tidligare år.
4. Vi har per 1.juni 2013 utestående ca. 1,5 mill. i Nav som gjeld 2013. Sekretær på økonomiavdelinga som har ansvaret for føring av refusjonskrav, arbeider spesielt med purring av desse krava.

Postadresse/besøksadresse:
Tonninggata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

Målet for Stryn kommune er at vi i løpet av hausten 2013 skal kome ajour med refusjon til Nav slik at vi fortløpande har kontroll på refusjonen. I praksis vil det seie at refusjon for 2012 skal vere slutført innan 01.10.2012 og at vi parrallelt kan konsentrere oss om 2013.

For å nå denne målsettinga har rådmannen omprioritert ressurar på økonomiavdelinga slik at no arbeider to personar med refusjon / purring av sjukepengar og fødselsespengar frå Nav mot tidligare ein person.

Dersom Kontrollutvalet har ytterlegare spørsmål / merknader til refusjon av sjukepengar / fødselspengar ber vi om utvalet tar kontakt.

Med helsing

Torfinn Moen
personalrådgjevar
57 87 47 18
torfinn.moen@stryn.kommune.no

Kopi:
Rådmann
Økonomisjef
Avd.leiar Per Vidar Roset
Sekretær Lillian

018/13 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «VEDLIKEHALD AV KOMMUNALEIGEDOMSMASSE I STRYN KOMMUNE»

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.09.2013

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 03.10.2013 | 018/13 | - | Nei |
| Formannskap | | - | - | Nei |
| Kommunestyre | | - | - | Ja |

Saksvedlegg.

Revisjonsrapport: «Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune», datert september 2013

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 33/12 Forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune».
- Kontrollutvalssak 04/13 Forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune» - Tinging.
- Høyringsuttale frå rådmann blir utdelt i møtet.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Vi viser til revisjonsrapporten ” Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune ”, datert september 2013.

- Sekretariatet legg fram saka utan tilråding i påvente av høyringsuttale frå rådmannen.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – ”VURDERING AV RUTINAR OG SYSTEM FOR INNKJØP AV UTSTYR OG INVENTAR I SKULANE I STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune», datert september 2013

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

”Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon). ”

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

”Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapportar om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapportar om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. ”

- Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 032/12 23.11.2012«Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune».

Tinginga inneheldt følgjande problemstillingar

- *I kva grad har Stryn kommune gode system for planmessig vedlikehald av eigedomsmassen?*

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet vart levert 23. september 2013 utan høyringsuttale.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtalte i rapporten. Rapporten har vore førelagt administrasjonssjefen i dag den 23.09.2013, med oppmoding om at revisjonen skal ha høyringsuttalen i hende innan tysdag den 1. oktober 2013.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann er innkalla til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til kommunestyret.



**Kommunerevisjonen
i Nordfjord**

Rapport forvaltningsrevisjon

**Vedlikehold av kommunal eideomsmasse
i Stryn kommune**

*Rapport nr.
2.5-01-019*

September 2013



Forord

Forvaltningsrevisjon er ei oppgåve som kommunane er pålagt i følge kommunelova § 78 nr 2. Formålet med forvaltningsrevisjon er å utføre systematiske undersøkingar av kommunal tenesteproduksjon, myndigheitsutøving og økonomisk forvaltning, samt peike på eventuelle veikskaper, manglar og forbettringsområde.

I perioden juni til september 2013 har kommunerevisjonen i Nordfjord gjennomført ein forvaltningsrevisjon av det administrative systemet for vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune.

Prosjektet er tinga av kontrollutvalet som del av «Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015».

Vi ønskjer å takke alle som har bidrege med informasjon i samband med prosjektgjennomføringa.

Ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet har vore forvaltningsrevisor Gunnar Ryste.

Kommunerevisjonen legg med dette fram sin rapport.

Den 23. september 2013

Markvard Sunde
Revisjonssjef

Gunnar Ryste
Revisjonskonsulent

Han skal tekke husene vel og holde dem dråpeslause, og vedlikeholde torvtak, vindskier og rafter slik at det ikkje kommer fuktighet på veggene. Om husene blir vedlikeholdt slik, kan leilendingen ikke gjøres ansvarlig for at hus eldes. Men lar han et hus råtne ned av vanrøkt, må han bygge et nytt i stedet.

Sitat frå Magnus Lagabøters landslov frå 1276.

Innhald

| | |
|---|----|
| <i>Forord</i> | 2 |
| <i>Revisjonens oppsummering</i> | 4 |
| <i>Innleiing</i> | 5 |
| <i>Eigedomsforvaltning</i> | 7 |
| Kriterium for god eigedomsforvaltning | 7 |
| Eigedomsmasse og vedlikehaldssituasjon i Stryn kommune..... | 8 |
| Nokre definisjonar | 9 |
| Spørjeundersøking | 10 |
| <i>I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygningar?</i> | 11 |
| Revisjonskriterium | 11 |
| Innhenta data | 11 |
| Vurdering, konklusjon og anbefaling..... | 11 |
| <i>I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygningar?</i> | 13 |
| Revisjonskriterium | 13 |
| Innhenta data | 13 |
| System for planlegging og styring..... | 13 |
| Organisering | 15 |
| Vurdering, konklusjon og anbefaling..... | 16 |
| <i>På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikehaldet av kommunale bygningar til politisk nivå?</i> | 17 |
| Revisjonskriterium | 17 |
| Innhenta data | 17 |
| Vurdering, konklusjon og anbefaling..... | 18 |
| <i>Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehald?</i> | 19 |
| Revisjonskriterium | 19 |
| Innhenta data | 19 |
| Vurdering, konklusjon og anbefaling..... | 21 |
| <i>Anbefalingar</i> | 22 |
| <i>Vedlegg</i> | 23 |
| Spørjeundersøking | 23 |
| Spørjeskjema – vaktmeistertenesta | 23 |
| Resultat frå spørjeundersøkinga – vaktmeistertenesta | 24 |
| Spørjeskjema – brukarar av bygga..... | 26 |
| Resultat frå spørjeundersøkinga – brukarar av bygga | 27 |
| <i>Høyring</i> | 31 |
| Høringsuttale frå administrasjonen..... | 31 |
| Kommunerevisjonens kommentarar til høringsuttalen..... | 32 |
| <i>Referansar</i> | 33 |

Revisjonens oppsummering

Ut frå vår gjennomgang finn vi grunn til å peike på følgjande forhold:

Mål og strategiar:

Kommunen har ikkje vedtekne målsettingar eller strategiar for vedlikehaldsarbeidet.

Det er ikkje noko krav om at ein kommune utarbeider mål og strategiar for eigedomsforvaltninga, men er neppe unaturleg for ein målstyrt organisasjon som eig over 35 000 kvadratmeter bygningsmasse til ein verdi på 885 million kroner.

Det er viktig at eventuelle mål for vedlikehald er politisk vedtekne, då det er kommunestyret som er formell eigar av eigedomsmassen.

System for planlegging og styring:

Bygg- og eigedomsavdelinga i Stryn kommune har etter våre vurderingar eit godt system for identifisering av vedlikehaldsbehov på kommunale bygningar. Dette legg forholda til rette for eit faktabasert prioriterings- og budsjetteringsgrunnlag.

Kommunen er i ferd med å ta i bruk eit datasystem som vil kunne legge til rette for ein meir effektiv og strukturert arbeidsflyt.

Rapportering

Rapportering av styringsinformasjon til politisk nivå synest for det meste å skje i samband med behov for investeringsmessige endringar av bygningsmassen. Driftsrelatert informasjon til kommunestyret om vedlikehald skjer gjennom rekneskapsrapportering.

Økonomiske rammeføresetnader

Vi har sett nærmare på kommunens vedlikehaldsutgifter per kvadratmeter i forhold til normtal for verdibevarande vedlikehald som er mykje brukt innanfor fagområdet. Dei tre normmodellane vi har sett på er stort sett samde i at det bør budsjetterast med om lag 100 kroner per kvadratmeter for å halde bygningsverdien ved like sett i eit livsløpsperspektiv. For perioden 2009 til 2012 varierer dette måltalet for Stryn mellom 56 kroner i 2009 til 146 kroner i 2012.

For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit vedlikehaldsfond. Ein årleg, lineær vedlikehaldskostnad er enklare å halde seg til enn dei sterke utgiftssvingingane som lett kan oppstå når det reelle vedlikehaldsbehovet skal dekkast inn etter kvart som det oppstår.

Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane.

Innleiing

Den 7. november 2012 vedtok kommunestyret i Stryn «Plan for forvaltningsrevisjon» for valperioden 2012 – 2015. Med bakgrunn i denne planen tinga kontrollutvalet i Stryn prosjektet «Drift og vedlikehold av kommunal bygningsmasse» frå kommunerevisjonen, jf. sak 033/12.

Rammene for gjennomføringa av prosjektet går fram av følgjande punkt:

a) Målsetting og bakgrunn for prosjektet

Formålet med prosjektet er å vurdere om Stryn kommune sitt system for planlegging og styring av vedlikehold av den kommunale bygningsmassen er rasjonell, målretta og effektiv.

b) Problemstillingar

Følgjande problemstillingar er søkt svara på i rapporten:

1. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehold av kommunale bygg?
2. I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehold av kommunale bygg?
3. På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygg til politisk nivå?
4. Er dei økonomiske rammeføresetnadene tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehold?

c) Revisjonskriterium

For å kunne svare på problemstillingane må kommunen sin praksis målast opp mot anerkjente kriterier (kjennemerke) for kva som reknast som god praksis.

Det ligg ikkje føre absolutte krav til system for planlegging og styring, då desse blir tilpassa spesifikke tilhøve og behov i den einkilde kommune. Våre vurderingar er derfor basert på kvalifiserte tilrådingar i relevante rapportar og dokument. Følgjande kjeldetilfang er brukt:

Interne dokument/informasjon

- Tilgjengelege oversikter over kommunale eigedomar.
- Sjekkliste for vernerunde.
- Tiltaksliste for 2013 (utarbeidd av bygg- og eigedomsavdelinga).
- Kommuneplan, økonomiplan, rekneskaps- og årsrapportar.

Eksterne dokument/informasjon

- NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren»
- KS 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold, en veileder for folkevalgte og rådmenn»
- Multiconsult & PwC 2008: «Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde»
- KOSTRA-data.

d) Revisjonsmetode

Standard for forvaltningsrevisjon er lagt til grunn i arbeidet med prosjektet. Revisjonen har gjennomført både dokument- og rekneskapsanalyse, samt intervju og spørjeundersøking for å kunne svare på problemstillingane i prosjektet. Revisjonen hadde møte med rådmannen og leiar for bygg- og eigedomsavdelinga 07.06.2013 og igjen med leiaren 06.08.2013.

Førebels rapport blei sendt til administrasjonen for uttale 23.09.2013. Høyringsuttale datert xx.09.2013 ligg ved denne rapporten under kapittelet «Høyring».

For å svare på *problemstilling 1-3*, har revisjonen intervjuet leiar for bygg- og eigedomsavdelinga i kommunen, gjennomgått sentrale styringsdokument og sendt ut ei nettbasert spørjeundersøking til brukarar og vaktmeistrar i kommunen.

For å svare på *problemstilling 4* om dei økonomiske rammeføresetnadene for vedlikehald av dei kommunale bygga, har revisjonen nytta KOSTRA-tal for å illustrere korleis Stryn kommune har prioritert ressursar til ordinært vedlikehald dei siste fire åra.

KOSTRA-tal for føremålsbygg blir samanlikna med normtal for godt, verdibevarande vedlikehald.

Vi har også teke omsyn til kommunens eigne vurderingar når det gjeld forholdet mellom ressursbruk og behov (spørjeundersøking).

e) Avgrensingar

Prosjektet er avgrensa til systemnivå og har fokus på kommunens *styringssystem* for vedlikehald av kommunale bygg og dei økonomiske rammeføresetnadene som blir lagt til grunn.

Det ligg utanfor mandatet å vurdere tilstanden til bygningsmassen.

Privat eigde bustader som kommunen har tildelingsrett for i minst 20 år¹, er ikkje behandla i denne rapporten.

¹ «Veileder for tilskudd til kommunalt disponerte utleieboliger», HB 8.B.20, Husbanken, november 2012.

Eigedomsforvaltning

Omgrepet «eigedomsforvaltning» femner følgjande hovudaktivitetar i den kommunale bygningsforvaltninga:

- Forvaltning *administrasjon, forsikringar, skatt, avgift, kjøp, sal, utleige, arealutnytting.*
- Drift *løpande drift, reinhald, energi, vatn, avløp, renovasjon.*
- Vedlikehold *planlagt vedlikehold og utskiftingar.*

Kriterium for god eigedomsforvaltning

I november 2003 blei det i statsråd oppnemnd eit eigedomsforvaltningsutval som mellom anna fekk i oppgåve å «stille opp kriterier for god eiendomsforvaltning»². Bakgrunnen for oppnemninga av utvalet var fleire uavhengige rapportar og medieoppslag som dokumenterte eit synleg forfall av offentlege bygg. Tilstanden til dei offentlege bygga kom i fokus, og behovet for betre planlegging og styring av vedlikeholdet gjorde det naudsynt å definere innhaldet i omgrepet «god eigedomsforvaltning».

Utvalet definerte omgrepet slik:

«God eiendomsforvaltning er å gi brukerne gode og effektive bygg til lavest mulig kostnad. Dette innebærer å skape best mulige rammevilkår for brukernes virksomhet over tid.»

For å oppnå dette, meinte utvalet at følgjande element bør vere på plass:

1. *Det foreligger overordnede politisk bestemte mål for eiendomsforvaltningen*
2. *Det foreligger et rasjonelt system for planlegging og styring av eiendomsforvaltningen*

Generelle delkriterier:

- 2.1 *Tilfredsstillte prioriterte brukerbehov*
- 2.2 *Effektiv arealutnyttelse*
- 2.3 *Godt, verdibevarende vedlikehold*
- 2.4 *Kostnadseffektiv eiendomsforvaltning*
- 2.5 *Målrettet utvikling av eiendommens kvaliteter*
- 2.6 *En hensiktsmessig organisering av eiendomsforvaltningen*
- 2.7 *Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter*

3. *Lovpålagte krav overfor eier og bruker blir ivaretatt.»*

I følge Standard for forvaltningsrevisjon³ skal revisjonskriterium vere grunngjeve i, og utleida frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte område.

Vurderingane i denne rapporten bygger på dei kriterium for god eigedomsforvaltning som det regjeringsoppnemnde utvalet har anbefalt.

Vi gjer merksam på at dei nemnde kriteria berre representerer normer for det som utvalet oppfatar som god praksis, og såleis ikkje er rettsleg bindande.

Ut frå dei nemnde kriteria i NOU 2004:22, utleider vi følgjande kriterium som praksis i Stryn vil bli vurdert mot:

- I. Det bør ligge føre **politisk vedtekne mål** for vedlikeholdet av kommunale bygg i Stryn kommune.

² Velholdte bygninger gir mer til alle, NOU 2004:22.

³ RSK 001: Standard for forvaltningsrevisjon. Fastsett av NKRFS styre 1. februar 2011 og gjort gjeldande som god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjonsprosjekt med oppstart etter same dato.

- II. Det bør ligge føre eit **rasjonelt system** for planlegging og styring av vedlikehaldet i Stryn kommune.
Følgjande delkriterium blir lagt til grunn:
- i. Det bør ligge føre **tilstandsvurdering** av dei kommunale bygga.
 - ii. Det bør ligge føre **vedlikehaldsplanar** som byggjer på tilstandsvurderingane.
 - iii. **Prioriterte brukarbehov** bør tilfredsstillast.
 - iv. Det bør vere ei klar **ansvars- og rollefordeling**.
- III. Det bør **rapporterast** jamleg og i tilfredsstillande omfang til eigarorgan om måloppnåing, tilstand og utvikling for kommunale bygg.
- IV. Kommunens **økonomiske ressursbruk** til bygningsvedlikehald bør over tid tilfredsstillast normtal for verdibevarande vedlikehald.

Vi gjer merksam på at det også ligg føre fleire lovar og regler som kommunen må følgje i si forvaltning av eigedomar og føremålsbygg.

| Lov/forskrift | Tema |
|--|--|
| Internkontrollforskrifta | Eigar skal sjølv kontrollere og dokumentere at lover og reglar blir følgd i verksemda. |
| Opplæringslova | Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for barn og ungdom i skulen. Kapittel 9a i opplæringslova. |
| Helse- og omsorgstenestelova | Fysisk og psykisk miljø for alle brukarar av bygg. |
| Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular | Krav til inneklime, støyforhold, hygiene, lystilhøve og luftkvalitet i barnehagar og skular |
| Forskrift om miljøretta helsevern | Krav til førebygging av legionellasmitte. Kapittel 3a. |
| Arbeidsmiljølova | Krav til fysisk arbeidsmiljø for alle tilsette i kommunal verksemd. |
| Byggherreforskrifta | Krav til helse, miljø og sikkerheit for alle leverandørar som kommunen engasjerer. |
| Forureiningslova | Helsefarlege stoff – asbest, PCB, kjemikalier m.m. |
| El-tilsynslova | Brann- og el-sikkerheit. |
| Brann- og eksplosjonsvernlova | Sikkerheit mot brann og trygge rømmingsvegar. |
| Plan- og bygningslova Teknisk forskrift | Bygningsteknikk (for det meste i samband med nybygg, ombygging og rehabilitering). |
| Kommunelova | Rekneskap, forvaltning og rapportering |
| Forskrift om årsbudsjett Forskrift om årsregnskap og årsberetning | Formuesbevaring. Vedlikehald skal budsjetterast over driftsbudsjettet, oppgradering over investeringsbudsjettet. |

Eigedomsmasse og vedlikehaldssituasjon i Stryn kommune

I følgje kommunens innrapporterte tal til KOSTRA⁴, eig og disponerer Stryn ein bygningsmasse på om lag 35 000 m² i 2012. Dette talet gjeld berre føremålsbygg. I tillegg er kommunen andelseigar i fleire burettslag i Stryn kommune. Dette gjeld personalbustader/gjennomgangsbustader (bustader for tilsette)

⁴ KOSTRA (KOMMune-STat-RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal forvaltning.

og trygde-, sosial- og omsorgsbustader. For andelsbustadane har ikkje kommunen ansvar for ytre vedlikehald.

Dei kommunalt eigde bygningane representerer ein verdi på om lag 885 million kroner.⁵

Kommunen har ansvar for finansieringa av drift og vedlikehald for kyrkjene i kommunen, medan Kyrkjeleg fellesråd har ansvaret for at drift og vedlikehald blir utført. Bortsett frå dette ligg det resterande drifts- og vedlikehaldsarbeidet til bygg- og eigedomsavdelinga (jf. unntak under avsnittet «Organisering», side 16). Denne avdelinga fungerer som ein støttefunksjon til kjerneverksemda i kommunen.

Kommunen vurderer for tida å rehabiliterer og utvide ut Stryn omsorgssenter, noko som representerer det største investeringsprosjektet kommunen har hatt⁶. Stryn omsorgssenter har dei siste åra blitt lite vedlikehalde pga at kommunen står framfor rehabilitering av bygget.

Dei siste åra har Stryn kommune også satsa på rehabilitering av fleire av skulane/barnehagane⁷.

Nokre definisjonar

I 2008 laga Multiconsult og PricewaterhouseCoopers (PwC) rapporten "Vedlikehold i kommunesektoren – fra forfall til forbilde" på oppdrag frå KS. I denne rapporten blir «**vedlikehald**» definert som

«tiltak og oppgaver som er nødvendig for å opprettholde fastsatt kvalitetsnivå (standard) for bygningen med tekniske installasjoner. Dette kan være både planlagt vedlikehold og utskiftinger.»

«**Drift**» er definert som

«daglig, ukentlig og månedlig drift og ettersyn gjennom året, det vil si oppgaver og rutiner som er nødvendig for at bygget med tekniske installasjoner skal fungere funksjonelt.»

I NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle – om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren» blir «**planmessig vedlikehold**» definert som

“tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendig for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. (...) Vedlikeholdet sikter altså mot å forlenge den tekniske levetiden til bygningen og bevare estetiske kvaliteter som ellers ville blitt forringet” (kapittel 3.1.4).

Om «**rehabilitering**» heiter det følgjande i undersøkinga «Kartlegging av kommunenes utgifter til vedlikehold av sine bygninger», FOBE (mars 2006):

«Ved rehabilitering blir ofte bygningene bygget om og oppgradert i forhold til nye brukerbehov og i forhold til offentlige krav. I denne sammenheng tar man også igjen for forsømt vedlikehold. All utskifting av bygningskomponenter som vinduer, dører, vegger, tak, gulv, ventilasjon, elektriske anlegg m.m. tilsvarende den opprinnelig standard, er i følge definisjonene i Norsk Standard og i regnskapsforskriftene å betrakte som vedlikehold.»

Sjølv om rehabilitering blir finansiert over kommunens investeringsbudsjett, inneheld slike prosjekt likevel eit element av vedlikehald. Det er både problematisk og upraktisk å skilje mellom drifts- og investeringsutgifter knytt til rehabiliteringsprosjekt. Det er likevel viktig å vere merksam på at eventuelt forsømt

⁵ Forsikringsverdi.

⁶ Sjå årsmelding for Stryn kommune (2011), side 21

⁷ Sjå <https://stryn.kommune.no/artikkel.aspx?Mld1=1331&Ald=4642>

vedlikehald (for lite midlar til vedlikehald over driftsbudsjettet) kan bli teke igjen i form av rehabilitering finansiert over investeringsbudsjettet.

Spørjeundersøking

Vi har sendt ut to nettbaserte spørjeundersøkingar, ei til brukarane av bygga og ei til vaktmeistrane. Spørjeskjema som blei brukt og innkomne svar ligg som vedlegg til denne rapporten. Undersøkinga blei sendt til 20 brukarar. Av desse svara 16, dvs. ein svarprosent på 80. Respondentane er i hovudsak brukarar av bygg innanfor følgjande kategoriar:

- Skular/barnehagar
- Omsorgssenter (institusjon)
- Næringsbygg
- Trygde-, sosial- og omsorgsbustader

Stryn omsorgssenter er halde utanfor, då dette bygget for tida er gjenstand for eit stort utbyggingsprosjekt.

Dei svara vi har fått inn representerer ei brukargruppe som i sitt arbeid disponerer om lag 80% av talet på skular og barnehagar. Alle kommunale trygde-, sosial- og omsorgsbustader er representert. Dette utgjer 118 bueiningar. For desse har kommunen berre ansvar for det innvendige vedlikehaldet.

I spørjeundersøkinga til vaktmeistrane var svarprosenten 80.

I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygningar?

Revisjonskriterium

I statsråd 21. november 2003 blei det oppnemnd eit utval som skulle gjennomgå og evaluere eigedomsforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar. Det var ein del av utvalet sitt mandat å vurdere dei kommunale avgjerdsprosessane og avgjerdsstøttesystema knytt til eigedomsforvaltninga, og stille opp kriterium for god eigedomsforvaltning.

Utvalet definerer «god eigedomsforvaltning» på denne måten:

«God eiendomsforvaltning er å gi brukerne gode og effektive bygg til lavest mulig kostnad. Dette innebærer å skape best mulige rammevilkår for brukernes virksomhet over tid»

I utvalet sin rapport (NOU 2004:22) blir det stilt opp fleire kriterium for god eigedomsforvaltning. Som første punkt nemner utvalet forankring av eigarskapet på politisk nivå gjennom politisk vedtekne mål og økonomiske rammevilkår. Utvalsrapporten nemner også følgjande sju generelle delkriterium som dei politisk vedtekne måla bør omfatte:

- a) Tilfredsstillende prioriterte brukarbehov
- b) Effektiv arealutnytting
- c) Godt, verdibevarande vedlikehald
- d) Kostnadseffektiv eigedomsforvaltning
- e) Målretta utvikling av eigedomens kvalitetar
- f) Hensiktsmessig organisering av eigedomsforvaltninga
- g) Riktige økonomiske rammevilkår tilpassa eigedomsforvaltninga sin langsiktige karakter

Med bakgrunn i dette utleiari vi følgjande revisjonskriterium for denne problemstillinga:

Det bør ligge føre politisk vedtekne mål for vedlikehaldet av kommunale bygningar.

Innhenta data

Stryn har ikkje utarbeidd eller vedteke mål for styring og kontroll med eigd bygningsmasse.

Vurdering, konklusjon og anbefaling

Denne rapporten fokuserer spesielt på bygningsvedlikehald, som er eit av fleire element i kommunens forvaltningsansvar for eigen bygningsmasse. Politisk vedtekne mål for vedlikehald bør i følgje NOU 2004:22 utgjere ein del av kommunens mål for den totale eigedomsforvaltninga.

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunens overordna styringsdokument for kommunen si utvikling, og her finn vi status, utfordringar, mål og strategiar for dei komande 12 åra.

I dette styringsdokumentet finns det fragmentariske element av mål og strategiar som har relevans for eigedomsforvaltninga.

Døme på dette er:

- 1 Bygge ut kommunale plassar for heildøgns pleie- og omsorgstenester i samsvar med behov.
- 2 God tilgang på bustader (leige og kjøp) for flyktingar
- 3 Arbeide for å få nye lokale til kulturskulen.

Det som her er nemnd er døme på at eigedomsforvaltninga blir brukt som ein strategisk innsatsfaktor for at tenestemåla skal nåast. Skal til dømes kommunens tenestetilbod innanfor helse og omsorg vere i samsvar med nye krav, så må Stryn omsorgssenter byggast ut og dimensjonert for å møte det nye tenestenivået.

Etter vår meining burde det også ligge føre mål om standard og funksjonsevne til dei bygningane som dannar dei fysiske rammene for tenesteytinga.

I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehold av kommunale bygningar?

Revisjonskriterium

Eit godt vedlikehold av bygningar avheng av

- god oversikt over vedlikehaldsbehovet, og
- gode system for gjennomføring av vedlikeholdet.

Den kommunale organiseringa av ansvars- og rolledeling må vere klart formulert og praktisert for å bidra til effektiv og god ressursbruk. Eigedomsforvaltningsutvalet⁸ uttaler at «erfaringer viser til at uklare forhold når det gjelder forvaltnings- og vedlikeholdsoppgaver, i mange tilfeller fører til at oppgaver ikke blir utført, og til konflikter om kven som har ansvaret». Som ein konsekvens av dette foreslo utvalet å organisere eigedomsforvaltninga etter den rollemodellen som vi har prøvd å skissere i figuren under:

| Rolle | Aktør | Funksjon/ansvar |
|------------------|-------------------------------|--|
| Eigar | Kommunestyret | Eigedomsrett, huseigaransvar, oppdragsgjevar |
| Forvaltar | Driftsavdeling/administrasjon | Utøve drift, vedlikehold og forvaltningsoppgåver på vegne av eigar |
| Brukar | Disponerande tenesteeining | Disponere bygg i samband med utøving av respektiv tenesteyting |

Figur 1: Eigar-, forvaltar- og brukarrolla

Det er forholdet til bygget som definerer den einkilde aktør si rolle. For at kommunestyret skal kunne utøve sitt eigaransvar på ein god måte, må det ligge føre eit administrativt styringssystem som jamleg identifiserer, vurderer og kommuniserer tilstanden og vedlikehaldsbehovet til dei kommunale bygga. Som eigedomsforvaltar bør administrasjonen i kommunen på bakgrunn av periodiske *tilstandsvurderingar* utarbeide *vedlikehaldsplanar/tiltaksplanar*.

1. Det bør ligge føre tilstandsvurdering av dei kommunale bygningane.
2. Det bør ligge føre vedlikehaldsplanar som byggjer på tilstandsvurderingane.
3. Prioriterte brukarbehov bør tilfredsstillast.
4. Det bør vere etablert ei klar ansvars- og rollefordeling

Innhenta data

System for planlegging og styring

Dagens rutinar

Bygg- og eigedomsseksjonen identifiserer hovudsakelig vedlikehaldsbehovet på dei kommunale bygningane på følgjande måtar:

- Brukarane av bygningane rapporterer om behov.
- Vaktmeistrane registrerer behov.
- Behov blir påpeika i samband med vernerundar og etterfølgjande synfaring.
- Manglar og avvik blir påpeika i samband med eksterne tilsyn (arbeidstilsyn, eltilsyn o.l.).

I følgje leiar av bygg- og eigedomsavdelinga er det sjeldan at tredjepart (t.d. pårørande til institusjons-bebuarar eller foreldre til elevar) klagar på vedlikeholdet.

Søknadar om tiltak basert på identifiserte behov frå vernerundane skal behandlast av arbeidsmiljøutvalet (AMU).

⁸ NOU 2004:22, s. 39

I bygg- og eigedomsavdelinga blir alle identifiserte og rapporterte vedlikehaldsbehov registrert, prioritert og kostnadsestimert. Denne tiltakslista inngår som grunnlag i budsjettprosessen.

Plan- og styringssystem

NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle – eiendomsforvaltning i kommunesektoren» inneheld faglege vurderingar av kva for kriterium som må vere oppfylt for å tilfredsstille norma for «god eigedomsforvaltning». Eit kriterium som i følgje det regjeringsoppnemnde utvalet må vere til stades, er «overordnede politisk bestemte mål for eiendomsforvaltningen».

Omgrepet «eigedomsforvaltning» dekker alle fasar i livssyklusen til dei kommunale eigedomane: planlegging, byggeprosess, utbetring, ombygging, utvikling og vedlikehold. Alle stadia i livssyklusen har økonomiske konsekvensar. Dette kan dreie seg om investerings-/kapitalkostadar, forvaltningskostnadar, driftskostnadar, vedlikehaldskostnadar og utviklingskostnadar.

1 Tilstandsvurdering

Driftsavdelinga disponerer og er i ferd med å ta i bruk dataverktøyet V-Pro i sitt arbeid.

V-Pro er eit web-basert system som gjer det mogleg å nytte digital kommunikasjon mellom driftsavdelinga og brukarar av bygga i samband med drifts- og vedlikehaldsarbeidet. Ved hjelp av funksjonar for tilstand, vedlikehaldsplan og arbeidsordre kan bygg- og eigedomsavdelinga truleg prioritere arbeid og disponere personalressursar på ein meir effektiv måte.

Systemet inneheld mellom anna funksjonar for

- Registrering av informasjon om bygningane.
- Tilstandsregistrering.
- Oppsett og kostnadsrekning av vedlikehaldsplan.
- Utskrift av arbeidsordre per tiltak.
- Oppfølging av avvik.

I spørjeundersøkinga meiner 80% av vaktmeistrane at tilstanden på dei kommunalt eigde bygningane og bustadane er god. Ingen av vaktmeistrane er usamd i dette. Av brukarane er 69% godt nøgd med bygningsvedlikehaldet. Det er likevel 88% av brukarane som i større eller mindre grad hevder at eksisterande manglar ved vedlikehaldet har negativ innverknad på tenesteytinga.

2 Vedlikehaldsplanar

Stryn kommune lager vedlikehaldsplanar basert på identifisert/avdekka vedlikehaldsbehov.

Vedlikehaldsbehov blir vanlegvis avdekka i samband med vernerundar, vaktmeistertilsyn, eksterne tilsyn og rapporterte behov frå brukarane.

3 Brukarbehov

FDV-systemet V-Pro har funksjonar som gjer det mogleg for brukarar av bygningane å melde inn behov til driftsavdelinga. Ut frå signaliserte behov frå brukarar kan driftsavdelinga gjennomføre synfaring og vurdere prioritere tiltak.


4 Ansvars- og rollefordeling

Stryn kommune si organisering av eigedomsforvaltninga følgjer rollemodellen *eigar, forvaltar og brukar* når det gjeld definisjon av funksjons- og ansvarsområde.

Eigarrolla

Økonomisk og rettsleg ansvar for kommunal bygningsmasse ligg til kommunestyret så lenge eigedomsretten ikkje er overdradd til kommunalt selskap som er egen juridisk person.

Til eigarskapsrolla ligg også oppdragsgjevar-ansvaret overfor forvaltar og ansvar overfor brukarane av bygga.



Figur 2: Roller og nivå i eideomsforvaltinga⁹

Forvaltarrolla

Driftsavdelinga har ansvaret for vedlikehold av dei kommunale bygningane. Dette skjer på vegne av kommunestyret som eigar.


Brukarrolla

Denne rolla har dei som nyttar dei kommunale bygningane som fysisk ramme for si tenesteyting. Det er likevel ikkje tette skott mellom dei forskjellige rollene. Kombinasjon av roller oppstår fordi både den politiske eigaren og administrasjonen med sitt forvaltaransvar har ansvar for tenesteproduksjonen.

Vedlikehaldsprosessen er såleis funksjons- og nivådelt i forhold til roller og ansvar. Det *strategiske nivået* vedtek mål og ambisjonar for bygningsvedlikehaldet og dei økonomiske rammene for å nå måla. På det *taktiske nivået* blir vedlikehaldet sett inn i ei overordna økonomistyring (økonomiplanen), og det er i denne planleggingsfasen dei administrative føringar for prioriteringa av vedlikehaldet skjer. På det *operative nivået* blir nødvendig styringsinformasjon samla inn som grunnlag for utvikling og justering av vedlikehaldsplanane sett i høve til det faktiske behovet.

Planlegging av vedlikehald skjer i samsvar med den omtalte rollemodellen og innanfor kommunen sitt administrative plansystem, jf. figur 4.

Eideomsforvaltinga er administrativt organisert som ein integrert del av kommunen, direkte underlagt rådmannen.



Figur 3: Plansystem i Stryn kommune¹⁰

Organisering

I Stryn kommune er eininga for bygg og eigedom organisert innanfor kommunens sentrale administrasjon. Vaktmeistertjenesta har tidlegare vore organisert som ein del av dei forskjellige tenesteområda, men er no overført til bygg- og eigedomsavdelinga. I løpet av hausten 2013 vil også reinhaldstenesta i kommunen vere organisert på same vis.

⁹ NOU 2004:22, side 30.

¹⁰ Planprogram for kommuneplanrevisjonen 2012, side 3.

Eit unntak er symjehall og kulturhus, som sjølve tek seg av vedlikehald og reinhald. Sjukeheimane (i Innvik og Stryn) utfører reinhald sjølv.

Blant vaktmeistrane synes det å vere stor semje om at ein sentral vaktmeisterpool gir betre utnytting av dei tilgjengelege ressursane. Brukarane gir for det meste uttrykk for at dei er nøgd med vaktmeister- og reinhaldstenesta.

Brukarane meiner at ansvarsfordelinga mellom dei og bygg- og vedlikehaldsavdelinga er avklara. Brukarane er også (med få unntak) nøgd med vaktmeistertenesta si handtering av meldte behov, tilbakemeldingar og effektivering av meldte behov. Det er likevel ikkje like mange brukarar som er samd i at utbetring av meldte vedlikehaldsbehov skjer innan rimeleg tid. Dette kan sjåast i samanheng med at 80% av vaktmeistrane hevder at vaktmeistertenesta er utilstrekkeleg dimensjonert til å kunne utføre dei oppgåvene som ligg til tenesta. Undersøkinga gir også ein klar indikasjon på at vaktmeistrane sin arbeidskvardag handlar meir om å ta unna mottatte oppdrag enn å utøve eit planmessig vedlikehald.

Den 15. februar 2000 vedtok kommunestyret i Stryn eit reglement for byggesaksrutiner – «byggeprosessen». I dette reglementet står følgjande å lese:

«Bygge- og eigedomsavdelinga har ansvaret for bygget etter at det er teke over. Dette gjeld all forvaltning, drift og tilsyn – jfr. retningslinjer for bygge- og eigedomsforvaltninga i Stryn kommune.»

Vi har fått opplyst at slike retningslinjer ikkje er utarbeidd.

Vurdering, konklusjon og anbefaling

Tilstandsvurdering

Det databaserte systemet som kommunens bygg- og eigedomsavdeling disponerer vil truleg gjere det enklare og meir effektivt å innhente, strukturere og dokumentere styringsinformasjon om bygningstilstanden for dei kommunalt eigde bygningane. Dette dannar eit godt grunnlag for identifisering og prioritering av vedlikehaldsarbeidet.

Vedlikehaldsplanar

I eit temahefte frå KoBE berekna på folkevaldopplæringa blir det uttalt at

«systematikken rundt arbeidet med kommuneplan og økonomiplan bidrar også til å sette investeringer og FDVU-kostnader¹¹ i eit langsiktig perspektiv, som bundne utgifter knyttet til ansvarlig eierskap og opprettholdelse av bruksverdien av bygninger»¹².

I Stryn kommune er vedlikehalds-/tiltaksplanane basert på vernerundar og etterfølgjande tilsyn. I tillegg til dette skjer vedlikehaldet på grunnlag av arbeidsordre og avdekte behov gjennom vaktmeistertenesta og eksterne tilsyn.

Brukarbehov

Modulen «arbeidsbok» i det web-baserte systemet V-Pro gjer det enklare for brukarane å melde inn sine behov til driftsavdelinga. Brukartilfredsheit er eit viktig kriterium på god eigedomsforvaltning, og oppfylting av brukarbehov bør derfor vere eit sentralt mål. Vi vil her presisere at brukarbehovet ikkje berre må sjåast i forhold til vedlikehald, men i forhold til eigedomsforvaltning i vid forstand.

Ansvars- og rollefordeling

Praktiseringa av rolle- og ansvarstilhøva skjer etter revisjonen si vurdering på ein god måte. Vi ser det likevel som viktig at rolle- og ansvarstilhøva blir klarare definert i kommunens plansystem.

Dagens organisering av eigedomsdrifta som ein integrert del av kommunen som rettssubjekt, gjev eit sterkare grunnlag for direkte politisk styring enn ei organisering etter selskapsrettslege styringsprinsipp¹³

¹¹ FDVU: omgrep som står for Forvaltning, Drift, Vedlikehald og Utvikling.

¹² God kommunal eiendomsforvaltning. Fordypning for folkevalgte, side 15.

På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?

Revisjonskriterium

Informasjon om bygningsmassens tilstand, behov for vedlikehold og måloppnåing må kommuniserast til kommunestyret for at dette organet kan utøve sitt eigaransvar.

KS har laga ein eigen rettleiar til rådmenn og folkevalde¹⁴, der behovet for kommunikasjon blir omtalt på følgjande måte:

«Det som kjennetegner kommunene som får til et godt vedlikehold er god kommunikasjon mellom kommunestyret som folkevalgt eier, formannskapet som operativ eier og eiendomsforvalteren. Det vil si at eiendomsforvalteren får anledning til å rapportere om tilstand, utfordringer og muligheter knyttet til eiendommene.

De folkevalgte må på sin side stille krav til god forvaltning og rapportering som gir oversikt og grunnlag for politisk diskusjon og prioritering.»

«Det første skrittet i utviklingen av en god eiendomsforvaltning bør uansett være å etablere et godt folkevalgt eierskap gjennom god rapportering og kommunikasjon mellom eiendomsforvalteren og de folkevalgte.»

Det bør rapporterast jamleg og i tilfredsstillande omfang til eigarorgan om måloppnåing, tilstand og utvikling når det gjeld vedlikehold av kommunale bygningar.

Innhenta data

I kommunane blir vedlikehold bokført etter anordningsprinsippet, dvs. når kjøpet er kjent. Dersom vedlikehold ikkje blir gjennomført, vil ikkje dette kome fram i rekneskapen. Rekneskapen åleine er såleis ikkje tilstrekkeleg til å vurdere kommunens vedlikehaldsaktivitet. Nøkkeltal (t.d. vedlikehaldsutgift per kvadratmeter) målt opp mot normtal eller brukt i trendanalyse er meir egna.

Ein gjennomgang av kommunestyresaker frå 2008 til d.d. gjev inntrykk av at kommunestyret i Stryn jamt over blir informert om bygningsvedlikehold i samband med budsjettprosessen og presentasjon av kommunerekneskapen.

Vi har gått gjennom kommunestyresaker dei siste 10 åra, og har merka oss følgjande saker som vedkjem eigedomsforvaltninga:

Skule og barnehage

| | | |
|-------------------------|----------------|-----------|
| Barnehage i Vik | Nybygg | KS 071/05 |
| Barnehage i Olden | Nybygg | KS 015/06 |
| " | Utbygging | KS 007/09 |
| Tonning barnehage | Rehabilitering | KS 008/09 |
| Oldedalen barnehage | Nedlegging | KS 024/10 |
| Loen barnehage | Utbygging | KS 008/06 |
| Vikalida barnehage | Utbygging | KS 067/06 |
| Rand skule og barnehage | Utbygging | KS 014/10 |
| Innvik skule | Rehabilitering | KS 020/09 |
| Tonning skule | Ombygging | KS 024/07 |
| Storesunde skule | Utbygging | KS 049/05 |

¹³ «Om organisering av kommunal og fylkeskommunal virksomhet», NOU 1995:17, side 108.

¹⁴ KS 2009 Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn, side 4 og 11.

Vedlikehold av kommunal bygningsmasse i Stryn kommune

| | | |
|----------------------------|----------------|-------------------|
| Kommunesenteret | Ombygging | KS 017/08 |
| Stryn kulturhus | Tilbygg | KS 059/07 |
| Stryn symjehall | Rehabilitering | KS 025/07 |
| Stryn omsorgssenter | Utbygging | KS 013/10 (m.fl.) |

Som det går fram, har det skjedd mykje rehabilitering, ombygging og utbygging av føremålsbygg i perioden. Det er likevel viktig å merke seg at denne type bygningsmessige endringar er investeringsutgifter som er belasta investeringsbudsjettet.

Vurdering, konklusjon og anbefaling

Administrasjonen bør periodisk rapportere til kommunestyret om utført vedlikehaldsarbeid, bygningsmassens tilstand og vedlikehaldsbehov.

Bygningsmessige tiltak som blir finansiert over investeringsbudsjettet (ombygging, utbygging, rehabilitering) blir kommunestyret godt kjent med, medan tiltak finansiert over driftsbudsjettet ikkje får same informasjonsmessige fokus.

Sjølv om funksjonskontoplanen i KOSTRA skil mellom brukarretta tenesteyting og FDV av lokale/bygg, kan informasjon om formålsbygg vere knytt opp mot tenesteområdet. Dårlig vedlikehald på ein sjukeheim eller skule får gjerne først fokus når bygningstilstanden begynner å få negativ innverknad på tenesteytinga (brukareffekt).

Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehald?

Revisjonskriterium

Budsjetterte vedlikehaldsutgifter må over tid vere tilstrekkeleg til å oppretthalde byggmassen sin verdi. Dette går fram av NOU 2004:22, jf. kriterium 3.7: *Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter*. På bakgrunn av dette set vi opp følgjande kriterium:

Kommunens ressursbruk til bygningsvedlikehald bør over tid tilfredsstillast normtal for verdibevarande vedlikehald..

Innhenta data

På bakgrunn av dette datagrunnlaget blir vedlikehaldsbehovet prioritert av driftsavdelinga og kostnadsbehovet blir anslått. Dette blir så dokumentert i ein tiltaksrapport som inngår som eit innspel til budsjethandsaminga i kommunen.

Tabellen under viser årlege utgifter til vedlikehald per m² kommunale føremålsbygg i Stryn kommune (i løpande prisar):

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | Gjennomsnitt |
|--------------------------|-----------|-----------|-----------|------------|--------------|
| Barneskule | 46 | 62 | 44 | 153 | 76 |
| Barnehage | 96 | 108 | 107 | 136 | 112 |
| Idrettsbygg | 141 | 118 | 88 | 164 | 128 |
| Kulturbygg | 32 | 21 | 54 | 22 | 32 |
| Institusjonsbygg | 64 | 67 | 45 | 205 | 95 |
| Administrasjonslokale | 14 | 84 | 94 | 32 | 56 |
| Alle føremålsbygg | 56 | 69 | 60 | 146 | |


Figur 4: Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter kommunale føremålsbygg.¹⁵

I Holte Byggsafe FDV-nøkkel for 2013 er følgjande normtal for planlagt vedlikehald oppgitt for eit utval byggkategoriar:

| | Planlagt vedlikehald | | |
|------------|----------------------|---------|--------|
| | Låg | Middels | Høg |
| Barneskule | 84,77 | 125,04 | 196,00 |
| Barnehage | 67,66 | 96,02 | 151,55 |
| Kulturhus | 54,31 | 79,62 | 128,34 |
| Sjukeheim | 63,66 | 89,54 | 141,69 |
| Rådhus | 77,92 | 107,57 | 165,03 |

Figur 5: Tabell basert på tal frå Holte Byggsafe FDV-nøkkelen 2013 (tal oppgitt i kr/kvm).

¹⁵ Tal i tabellen er henta frå KOSTRAS tabell 4.1 Konsern – Eiendomsforvaltning for utvalgte kommunale formålsbygg.



Figur 7: Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter per kvadratmeter (kjelde: KOSTRA)

Tabell og figur viser korleis dei årlege vedlikehaldsutgiftene fordeler seg på føremålsbygga for perioden 2009 til 2012. Det går også tydeleg fram korleis vedlikehaldsutgiftene varierer frå år til år. I 2009 var utgift per kvadratmeter 56 kroner, medan dette talet var auka til 146 kroner i 2012.

Det er utvikla fleire normtal for verdibevarande vedlikehald. Felles for desse er at dei byggjer på ei rekke føresetnader. Kommunens avvik frå normtal kan skuldast både reell underfinansiering og forskjellar i ein eller fleire variablar som ligg til grunn for normtalet. Slike variablar kan til dømes vere aldersprofilen til dei kommunale bygga, samla bygningsareal og arealfordeling mellom bygningstype eller bygningane sin kompleksitet.

I **rapport fra Elcon og Multiconsult (2001) "Vedlikehold av kommunale bygninger"**, er kr 100 pr. kvadratmeter pr. år oppgitt som et normtall for godt vedlikehold av bygningsmassen.

I **rapport fra FOBE (forum for offentlige bygg og eiendommer) mars 2006**, sies det at normtall for vedlikehold bør ligge i området kr 90–115 pr. kvadratmeter (2004 prisnivå u/mva). Dette ressursnivået burde kunne gi velholdte bygninger ut fra opprinnelig standard dersom dette ressursnivået er disponibelt over tid, og det ikke er til stede et vedlikeholdsetterslep.

I rapport fra **Multiconsult og PriceWaterhouseCoopers (september 2008) "Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde"**, sies at estimert nødvendig vedlikeholdskostnad er ca 170 kr/m² i gjennomsnitt. Beregningene er basert på 60 års levetid på bygg og 6 % kalkulasjonsrente. En levetid/betrakningstid på 30 år vil avkorte behovet for vedlikehold til ca 100 kr/m² pr år i gjennomsnitt. Ifølge Multiconsult, kan disse normtallene kun benyttes i kommuner med en bygningsportefølje bestående av minimum 40 – 50 bygninger.

Stryn kommune nytter tilstandsbasert budsjettering for bygningsvedlikehald. Behandlinga av vedlikehaldsutgifta i driftsbudsjettet er basert på kartlagde tiltaksbehov, og ikkje på estimerte normtal.

Budsjettløyvingar til vedlikehald kan til dømes skje i høve til

- forventa årlege utgifter, og
- like store årlege kostnader inkl. avsetning til/bruk av øyremerkte avsetningar

Å utsette vedlikehold gir kommunen auka økonomisk handlefridom på kort sikt, og representerer såleis eit insentiv til å nedprioritere dette arbeidet.

Den realkapital som kommunal bygningsmasse representerer kan sjåast på som ein innsatsfaktor i tenesteytinga på linje med arbeidskraft. Kapitalkostnaden vil vere å stille bygningane til disposisjon for den aktuelle kommunale tenesta.

Dei driftsmessige følgjeverknadane av ei investering vil vere å sjå på som ein del av vedtaksgrunnlaget for kommunestyret når forslag til løyving blir behandla. Den samla årskostnad som driftskonsekvensane representerer blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan, men er berre bindande for det vedtekne årsbudsjettet.

I spørjeundersøkinga er det berre 20% av vaktmeistrane som meiner at det er eit misforhold mellom eksisterande vedlikehaldsbehov og økonomiske ressursar som blir stilt til rådvelde.

Vurdering, konklusjon og anbefaling

Bygningsmassen i Stryn kommune er ikkje tilstandsvurdert for å identifisere eit eventuelt vedlikehalds- etterslep. I denne rapporten har vi prøvd å sjå på system relatert til vedlikehaldsnivået.

Både samtalar og spørjeundersøking gir indikasjonar på at tilstanden på den kommunale bygningsmassen for det meste er god, og at økonomiske rammer for vedlikehaldet er tilstrekkelig.

For perioden 2009 til 2012 varierer vedlikehaldsutgiftene per kvadratmeter frå negative til positive avvik i forhold til dei normtala som er brukt i denne rapporten.

I ein rapport utarbeidd for kompetanseprogrammet KoBe¹⁶ heiter det:

«Det uttrykkes regelmessig, i ulike rapporter, undersøkelser, konferanser og seminarer, at det er nødvendig å få politikere til å forstå behovet for godt vedlikehold. Dette kan, etter denne forfatters oppfatning, ikke være noen rimelig forklaring på vedlikeholdstilstanden i kommunesektoren. Politikere er i stor grad, som resten av det norske folk, hus- eller hytteeiere, og de aller fleste slike vet at om man utsetter vedlikeholdstiltak for lenge vil kostnadene øke betydelig. Det synes å være grunn til å anta at forklaringen på den manglende prioriteringen av vedlikehold i større grad knytter seg til politikernes omfattende utfordringer og hverdag, samt det 4-års perspektiv de naturlig har på sin innsats, enn mangel på forståelse av betydningen av godt vedlikehold. Erkjønnelsen av størrelsen på de langsiktige økonomiske konsekvenser kan imidlertid være for dårlig.»¹⁷

Det kan også vere verdt å merke seg følgjande:

«Vedlikeholdet koster det samme enten det finansieres over driftsbudsjettet eller investeringsbudsjettet. Lite vedlikehold over driftsbudsjettet fører ut fra dette til et etterslep som må tas igjen gjennom mye vedlikehold over investeringsbudsjettet. Hva som er økonomisk mest gunstig kan være vanskelig å si. Skillet mellom driftsbudsjett/regnskap og investeringsbudsjett/regnskap i kommunene gir et uoversiktlig kostnadsbilde for kommunene som forvaltere og eiere.»¹⁸

Det er store utgifter knytt til investeringar i nybygg, ombygging og årleg forvaltning, drift og vedlikehold av kommunale bygg. Investeringsutgiftene har ein kort tidshorisont, medan drifts- og vedlikehaldsutgiftene har ein vesentleg lenger tidshorisont. Når kommunestyret gjer vedtak om investeringsramma, skal dei driftsmessige konsekvensane opplysast i saksutgreiinga.

Dette betrar avgjerdsgrunnlaget for kommunestyret ved at investeringsutgifta kan bli sett i samanheng med dei etterfølgjande utgiftene som nybygget genererer. Dette er teke med som eit moment i reglement for byggesaksrutinar i kommunen (15.02.2000), jf. side 16.

¹⁶ Kompetanseprogram for bedre eiendomsforvaltning i kommunene (prosjektperiode 2006 – 2011)

¹⁷ Rohn, Helge, Reinertsen AS: Rapport om eierskap og organisering av eiendomsforvaltning i kommunesektoren, side 18.

¹⁸ «Kartlegging av kommunenes utgifter til vedlikehold av sine bygninger, FOBE, mars 2006.

Anbefalingar

I det følgjande viser vi til nokre tiltak som vi ser som viktig at kommunen vurderer i sitt vidare arbeid med bygningsvedlikehaldet:

Kommunen bør vurdere å innføre politisk vedtekne mål for eigedomsforvaltninga, jf «god eigedomsforvaltning».

Det kan i denne samanheng vere nyttig for kommunen å definere eit ambisjonsnivå for kva som er eit akseptabel tilstand og standard for dei kommunale bygningane. Sidan det er kommunestyret som er formell eigar av dei kommunale bygga, bør ambisjonsnivået ha ei politisk forankring.

God kommunikasjon mellom administrasjon og dei folkevalde blir framheva som eit suksesskriterium i KS-rettleiaren «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold – en veileder for folkevalgte og rådmenn». Det kan derfor vere formålstenleg at kommunen vurderer sine rapporteringsrutinar til kommunestyret om eigedomsforvaltninga.

Vedlegg

Spørjeundersøking

